



Hordaland fylkeskommune
Postmottak
5020 Bergen

Vår ref.:
61/17/610/øbj/tni

Dato:
23. mars 2017

Kommentarar til prognoseinntaket 2017 frå Odda vgs.

Skulen er nøgd med årets søkjartal, trass ein nedgang frå dei to førre åra. Vi var førebudd på redusert årskull i kjerneområdet vårt, Odda og Ullensvang. Vi har likevel nokre utfordringar sidan fordelinga på elevsøknadane til VG1 har fått ei kraftig dreining frå studieførebuande til yrkesfag.

- **VG1 Idrettsfag/VG1 Studiespesialiserande:**
Det har meldt seg 10 primærsøkjalar til VG1 Idrettsfag, 14(15) om ein tar med søkjalar som har prioritert idrettsfag lengre nede på lista. Saman med søkjarane til VG1 Studiespesialisering (19 primærsøkjalar) vil denne elevgruppa utgjøre ca. 30 elevar. For å oppretthalde tilbodet må vi sjå på ulike løysingar for å kopla desse to programma saman i fellesfag. Dette gjeld sjølvstøtt delinga i framandspråk og matematikk, men vi må også gjere koplingar i andre fellesfag, som norsk, engelsk og naturfag. Vi må også kople VG1 Stusp. med VG2 ID i Geografi og Samfunnsfag.
+/- 30 elevar i prognoseinntaket for dei studieførebuande programområda er eit vanskeleg tal å planleggje ut i frå. Gruppene i fellesfaga kan bli store (over 30), med elevar frå to ulike programområder. Difor må vi sjå på dei endelege elevtala før vi tar avgjerd på lærartettleiken i desse gruppene.
Vi har også sett på konsekvensar for VG2 og VG3 for desse to klassane. Idrettsklassen må vi slå saman med trinna over i fleire av idrettsfaga, t.d. Aktivitetslære 1,2 og 3. På studiespesialisering VG2 og VG3 må vi sjå på løysingar der vi køyrer enkelte programfag annakvart år. Dette kan t.d. gjelde Politikk og menneskerettar, Sosiologi, Entreprenørskap 1 og 2 og andre fag som ikkje bygger på kvarandre.
Skulen har god erfaring med å sjå desse to utdanningsprogramma i eitt, og vi ser det som viktig å kunne gje elevane desse tilboda.
- **VG2 Kjøretøy/Industrieteknologi:**
Desse tilboda har fått til saman 9 primærsøkjalar, 4 til Kjøretøy og 5 til Industrieteknologi, men kan få opptil 15 elevar tilsaman om vi tar med «sekundære ønskjer». Vi må sjå desse to tilboda i samanheng.
Skulen vil føreslå å oppretthalda begge desse tilboda ut frå fylgjande grunngjeving:
 - Vi samarbeider med næringslivet i regionen, og kan leggje til rette for ei ordning der ein del av opplæringa blir tatt ute i verkstadbedrifter, utan kostnader for skulen.

- Skulen har etablert eit godt tilbud for spesialelevar på bilverkstaden. Læraren i bilfag integrerer desse elevane i ordinær klasse på ein framifrå måte, utan auke i lærartettleiken. Elevar frå HT-klassane kan få einskildtimar saman med klassen i kjøretøy. Dette er eit svært godt og populært tilbud for desse elevane, og samstundes gir det skulen ei innsparing i talet på lærartimar.
- Vi føretek ei kopling mellom klassane i nokre av emna i programfaga. Dette gjeld spesielt «Prosjekt til fordjuping» og «Dokumentasjon og kvalitet». Desse faga har klare felles kompetansemål, som aktuelle lærarar er vane med å kunne kople. I tillegg kjem kopling i fellesfaga på VG2 TIP (totalt 9 t/v), utan at dette går utover FYR-satsinga for desse elevane. Totalt vil vi kunne spare inn ca. 20 lærartimar pr. veke.
- Det kan sjå ut som om utsiktene til læreplassar i desse faga framleis er god i distriktet vårt. M.a. signaliserer dei store industriverksemdene at dei har trong for arbeidskraft i åra som kjem. 3 av elevane i kjøretøyklassen i år har allereie fått lærekontrakt.

Vi meiner at skulen på denne måten kan gje desse elevane eit godt fagleg tilbud nær heimplassen. Sjølv om elevtalet i klassane er lavt, har vi lærarar som er fleksible og viljuge til å sjå på ordningar som gjer naudsynt innsparing. Dette vil likevel ikkje gå utover den faglege kvaliteten.

- VG1 Helse- og oppvekstfag:
Det har meldt seg 26 primærskolar til dette tilbudet. Fleire av desse 5(6) har minoritetsfagleg bakgrunn, og går på Innføringskurs for framandspråklege hos oss i år. Vi føreslår at vi opprettar to klassar på Vg1 for denne søkjargruppa.
- VG2 Byggteknikk:
Tilbodet har berre fått 4 primærskolar, og skulen føreslår at denne klassen ikkje kjem i gong for neste skuleår. Vi reknar likevel med at tilbudet kan takast inn i katalogen igjen for skuleåret 2018-19. Vi har vore i kontakt med Opplæringskontoret i Hardanger for å hjelpe dei aktuelle elevane til ein læreplass allereie frå hausten av (1+3 ordning). Det ser ut som om det er gode utsikter for ei slik løysing.
- Innføringskurs for minoritetsspråklege:
Grunna noko usikkerheit om søkjertala til dette tilbudet, vil vi i dialog med Inntakskontoret ta avgjerd om dette seinare.

Øyvind Bjørkevoll
rektor

Kopi: Nils Skavhellen